

Til
Tokke kommune
3880 Dalen

Eidsborg, 26. mai 2025

**SØKNAD OM ØKONOMISK STØTTE
til "langturen" ved Åmdals Verk gruver**

Vest-Telemark Museum vil med dette søkje Tokke kommune om støtte til utviding av dagens guida tur inn i besøksgruva ved Åmdals Verk.

«Langturen» gjennom gruva, frå Brårjordstulen til Crosscut og attende til museet langs elva, har vore i bruk tidlegare. Turen blei stengd på slutten av 1990-talet grunna m.a. nye krav til tryggleik og sikring, og har ikkje vore i bruk sidan.

Foreininga ÅVG og VTM har i ei årrekkje arbeidd for å få denne turen opna att.

Vedlagt ei prosjektskildring av tiltaket, utarbeidd for søknad til Sparebankstiftinga, og ein rapport frå 2021 som det planlagde sikringsarbeidet er basert på.

Totalbudsjettet er på over 2 mio. Det er søkt om 1 mio frå Sparebankstiftinga DNB og UNI-stiftinga (sikringsmidlar). Både foreininga ÅVG og VTM bidreg med egne midlar.


Me søkjer med dette Tokke kommune om 200.000,- i støtte for å få prosjektet fullfinansiert, jf. budsjettet i prosjektskildringa.

Me vil kreditere bidragsytarar og sponsorar på eit skilt ved inngangen til gruva.

Med von om positivt svar,



Dag Korgemoen,
direktør



Tilman Hartenstein
formidlingsansvarleg